



4 mai

nr. 4-86



Følgende Personer, der kalder sig
Møbelsnedkere, har ikke forsmået under
Bygningssnedkernes Lønskonflikt at ar-
bejde som



— Streikebrydere —

No. 1.	M. Brækkan, Rusløkveien 60	
" 2.	S. Ellingsen, N. Bruuns Gade 17	
" 3.	Thorvald Andresen	
" 4.	Saras Engebretsen, Akersveien 28	
" 5.	Lars Nilsen, Langgaden 24	
" 6.	Johan Halvorsen, Hammersborg	
" 7.	Gunnar Berg	
" 8.	Jens Madsen, Fredensborgveien 35	
" 9.	Nils Skinstad, Do.	
" 10.	Even Andersen, Markveien 11	
" 11.	Ødegaard, Welhavens Gade 8	
" 12.	A. Dalstrøm	
" 13.	J. Knudsen, Akersveien 21	

}

Disse arbejdede paa Alf-
heim under hele Streiken
tiltrods for, at de andre
Møbelsnedkere nedlagde
Arbejdet.

}

Eggestrøms
Værksted.

Forannævnte No. 1, 2, 3 og 13, der stod som Medlemmer
af Møbelsnedkerforeningen, er i Møde den 8de Aug. 1894 enstem-
mig udvoteret paa ubestemt Tid.

Ingen af de ovenfor nævnte kan optages som Medlem før det
er godkjendt af et Kvartalsmøde.

Konferer Foreningens Beslutning af $\frac{20}{5}$, $\frac{11}{7}$ og $\frac{9}{8}$ 1894.

Det henstilles til alle Møbelsnedkere at have ovenstaaende i
velvillig Erindring.

INNHALD:

DEMOKRATISK SENTRALISME	s 1-2
PROBLEMA I NKS 1 & 2	s 4-6x
KRITIKK AV TOÆRSMELDINGA	s 7-10
SVINNEPOLITIKKEN - ALLES ANSVAR x	s 11
HVBYRÅKRATISER NKS : LEGG NED OSLO DSx	s 12
OM STRATEGISK PLAN	s 13-14
KRITIKK AV PRINSIPP-PROGRAMMET	s 15-18
SOSIALISMEDEBATTEN :	
TIL LABSSTYRA	s 19
SPØRSMÅL	s 20
BAKGRUNNSTOFF	s 21-23
KLIPP FRA STEIGAN - RJD DEBATT	s 24-32
FRA SOMMERLEIRAVISA :	
OM VANDRARAR PÅ DEN KAP. VEGEN	s 33-34
GRUNNFORSKAREN OG BYRÅKRATEN	s 35-36
RØD FRONT 1 & 2	s 37-40
NUS AMATØRISMEN x	s 41-43
VAR x	s 44
OM BEHANDLINGA AV TOÆRSM.	s 45
OG FORSLAG TIL SPM.	

DØDLINJE NESTE NR : 12 november

I NKS er det tilsynelatende stor grad av enighet på de fleste politiske spørsmål. Dette skulle vel bety at vi greier å få gjennomført alt vi har vedtatt av planer og målsettinger? - Og at vi ~~greier~~ å få politikken vår ut i praksis; og vinne oppslutning om standpunktene våre ute blant studentene. Det skulle vel videre bety at vi fungerer i pakt med vedtektene våre når det gjelder organisering, sikkerhet, oppfølging av planer, plikter og rettigheter for det enkelte medlem. - I denne anledning vil jeg oppfordre alle om å lese vedtektene våre, og se hva de sier om det kommunistiske studentforbundet og de som skal være medlemmer av det.

Organisasjonsforma til NKS, som til alle andre kommunistiske organisasjoner er den demokratiske sentralismen. Det konkrete innholdet i den er stort sett nedfelt i vedtektene våre, og kan dessuten sammenfattes i Mao's og KKP's 4 hovedkriterier for partidisiplinen, nemlig:

1. individet er underordna organisasjonen.
2. mindretallet er underordna flertallet.
3. de lavere nivåene er underordna de høyere.
4. alle medlemmer er underordna sentralkomiteen.

Den demokratiske sentralismen er en enhet, og det er umulig å omdandle dette begrepet uten å ta med både det sentralistiske og det demokratiske elementet, - da vil det være meningsløst ut fra m-l-m. Demokratisk sentralisme har bare en funksjon i en kommunistisk organisasjon, for å organisere seg best mulig mot en overlegen fiende, - borgerskapet.

Demokratisk sentralisme er ut fra sine krav og sin disiplin arbeiderklassens organisasjonsform, og er utforma for å skape mest mulig handlekraft og effektivitet i klassekampen. Det demokratiske elementet sikrer at alle deltar i diskusjonene og er med på å fatte beslutninger, det sentralistiske at alle, når vedtak er fatta, sluss samla utad for å sikre gjennomslag for en i utgangspunktet underlegen bevegelse. Sjøl om den demokratiske sentralismen således koster dem som frivillig underkaster seg dens disiplin en hel del, så er den allikevel når den blir gjennomført, den overlegent mest demokratiske organisasjonsform som finnes.

...er at det skal være? - For den som ser seg rundt med noenlunde klart
 så må det være helt klart at situasjonen ikke er slik som den burde.
 En organisasjon som erklærer seg som kommunistisk kan ikke lenger leve
 i en situasjon hvor det er utbredt uvilje mot å prioritere felles oppgaver
 i pakt med organisasjonens planer. - Det kan ikke lenger eksistere en
 situasjon hvor folk kan få gjøre som de vil uavhengig av vedtak, hvor det
 kreves arbeidsplikt i en grunnorganisasjon, hvor det ikke praktiseres
 seriøs sikkerhetspolitikk. Dette er feil av klar høyre-karakter i den
 kommunistiske bevegelsen, - borgerlige feil, feil som hvis de ikke blir
 rettet vil ødelegge NKS som kommunistisk organisasjon for godt.
 Alle disse faktorene fører til at demokratiet ikke fungerer i
 organisasjonen, fordi vedtak, planer, osv. ikke blir satt ut i live,
 liberalisme og manglende sentralt grep. For å rette på dette må
 politiske ledelsen, sentralismen, styrkes på alle nivå i organisasjonen.
 Demokratiske sentralismen krever politisk ledelse av ulike organ på
 alle nivå, - at ledelsen må gå i spissen, fatte vedtak, - sende disse
 i organisasjonen, - oppsummere, - ta standpunkt. Det viktigste nå da
 ideologiske kampen på nytt må reises i NKS, for å redde m-l-m og den
 politiske sentralismen i forbundet, er at ledelsene på alle plan må
 sette til å kjøre linjekamper, ta standpunkt, fatte vedtak, og dermed
 være som en kommunistisk ledelse i pakt med vedtektene.
 Motsetning til dette står ei anti-organisasjonslinje, som går ut på
 fortvilelse og nedtoning av de kommunistiske organisasjonsprinsippene.
 En linje som står for at hovedproblemet er for lite demokrati, uten
 dette i sammenheng med for svak sentralisme/ledelse. Denne linja
 ytterligere forsterke tendensene til byråkratisk lederstil fjernt
 fra medlemmenes aktive deltakelse. Det mest sentrale ved den politiske
 linjekampen som nå må reises i NKS, må være å bruke denne kampen for
 å styrke den demokratiske sentralismens plass i forbundet, og med den som
 skal avvise de anti-organisasjons/anti-ledelses linjene av høyre-karakter
 som står i organisasjonen.

Gaute.

HER KJEM EITNDEL INNLEGG MED SÆRS
ULIK OPPFAATNING AV KVA INNHALDET
SKAL VERA I KONKLUSJONENE PÅ
TOÅRSMELDINGA.

KVA ER PROBLEMET I NKS OG KVA SKAL ME
GJERA ????

2-årsmeldinga skulle forsøka å streka opp ein konklusjon på: Kva er viktigaste sterke og svake sidene til NKS idag, kva problem står me overfor og kva må gjerast for å forsøke å løyse dei ? Etter meininga vår blir konklusjonen altfor "oppramsande og beskrivande." Mykje er rett, men ikkje alle ting er like viktige!

Eit problem er at me er for få; men like stor som trusselen mot NKS som landsomfattande organisasjon, er at me skal slutta å vera ein kommunistisk organisasjon.

Sterke påstander ???

Ideologisk er me konstant utsette for åtak frå høgre. Det svenske kommunistpartiet har pakka fullstendig sammen, det siste dei gjorde var å fjerne kommunisme frå namnet sitt, etter å ha fjerna alt som kunne kallast kommunistisk ideologi frå prinsipp-program og vedtekter. Er me heilt upåvirka ? Me - som studentar - er i ein posisjon der me særs lett vil gripa til reformistiske løysingar på problema.

I tillegg kjem det faktumet at dei fleste av NKS sine medlemmer kjem frå småborgar eller borgarskapet, og at dei færreste av oss har vore noko anna enn studentar i særleg tid.

Høg prioritering av ideologisk kamp og studier er tvingande nødvendig for at

ikkje den kommunistiske teorien skal gå
dukken i NKS.

Me verver ikkje - (Kvifor verve til NKS dersom NKS ikkje er noko kvalitativt annleis og viktigare enn andre progressive organisasjo nar ?

Me greier ikkje å vera offensive i den ideologiske kampen.

Sjøl om me er med i debattar i Studentersamfunn og aviser er det mykje prega av pliktløp. Me går opp på talarstolen for å "markera" NKS eller RF, ikkje for å vinna dei i salen over på vår side. Me kan kritisera jeg & Yappe & dei konservative, men me klarer ikkje å ta rotta på dei i offentleg polemikk. på dei "store" skilnadene.

Me slåss for sosialisme, men greier ikkje/ synest ikkje det er viktig å slå fast om Kina er eit sosialistisk eller kapitalistisk samfunn - om det i det heile finnest sosialistiske samfunn i verda.

Me oppfører oss som om det ikkje eksisterer eit statleg valdsapparat, eller eit borgarskapet som vil bruke det om det trengs:

Telefonar blir nytta ukritisk - interne saker blir diskutert på kantina - grunnen til at me har ein sikkerhetspolitikk blir ikkje tatt opp med dei nye medlemmane våre. Dette er først og frems kritikkverdigg av leinga i NKS på alle nivå, det er dei som har ansvaret for at sikkerhetspolitikken vår blir diskutert,

begrunna og holdt. Eller meiner me at det ikkje trengs ?

Frontarbeid "i seg sjøl" og målbare resultat (målbare for alle) blir ofte overordna NKS. Sjøl når me i utgangspunktet velger utifrå kva NKS er tent med, forsvinn måla våre : verving, spreiding av revolusjonær ideologi og avsløring av borgarskapet og staten heilt bak stemmet, antal demonstrantar, viktige saker osv. NB! Me er ikkje mot denne typen arbeid - det er heilt naudsynt for oss - men det må ikkje bli slik at alt anna er overordna NKS !!

Revisjonisme ? Reformisme ? Høgre eller kva ?

Dei ideologiske kampene ligg nede i NKS. Me ser alle eindel ting som ikkje er bra, men me er usamde om kva det skuldast, og kva som må gjerast. Den debatten er begynt no. Me er skeptiske til å karakterisera problema - ikkje fordi me er mot å bruka begrepa, men avdi me faktisk ikkje veit om kva standpunkta til medlemmane våre er på ei rekke saker. Men me meiner iallefall:

- at feila er av høgrekarakter
- at problemet ikkje er dogmatisme og stivbeintheit, men mangel på kjennskap til den politiske teorien me faktisk bygger på (som faktisk er ein føresetnad for å vera dogmatisk...) og manglande ideologisk debatt - internt og eksernt.
- Me vonar dette er opptakten til ein heit haust og vår med viktige og spanande diskusjonar !!

MAY og INGRID

Eit sentralt problem for NKS idag - slik eg ser det - er at me i for liten grad greier å utvikla oss politisk og organisatorisk i takt med endringar som skjer i samfunnet, blant studentane og blant våre eigne medlemmer og elles i ml-rørsla. Eg meiner dette skuldast dels ei "la det skure"-haldning: me manglar overskott og er nøgde med å halda organisasjonen i gang og gjera "dei faste tinga" frå semester til semester. Dels finst det ei dogmatisk strømning i NKS, som er skeptiske til nytenking. Resultatet blir at me blir dårlegare i stand til å møte nye utfordringar og til å utnytta dei mulighetene som nå skapest ved at "sumpvenstre" er kraftig svekka samstundes som klassekampen skjerpar seg.

Hokre sentrale punkt:

1. Kva er oppgåvene til eit kommunistisk studentforbund?

Sjòlsagt er det å utbre marxismen og verva kommunistar, samt å reisa studentane til kamp for eigne interesse og til solidaritet med andre som slåst. Vel og bra, men når me har latt det bli med det meiner eg me ikkje grip dei særskilte oppgåvene til kommunistiske studentar og intellektuelle. To tång særmerker oss: me held til på nokre av dei viktigaste sentra for produksjon av ideologi, og me har heilt andre muligheter enn folk flest for å driva teoretisk og vitskapleg arbeid. Eg meiner dette innebety 2 krav til oss:

- det er vårt ansvar å føra teoretisk kamp mot den borgerlige ideologien som blir spreidd på lærestadene.

- innafor ml-rørsla har studentar eit særleg ansvar for å jobba med nye og gamle uløyste spørsmål i politikken og teorien vår.

Slike oppgåver har me ikkje stilt oss, istaden har me blitt eit haleheng til resten av rørsla.

2. I samsvar med dette blir me i politikken ofte ståande som "voktarar av den rette lina" på godt og vondt.

I interessekampen har me gjort ein utmerka jobb i å avvisa inntektsavhengig tilbakebetaling som eit knefall for staten og me har vunne oppslutning om ei kampline. Men me har i svært liten grad analysert heilheten i den statlege politikken for høgre utdanning og har heller ikkje skapt og propagandert eit revolusjonært program for kampen om utdanninga. Slik blir politikken vår snever og det blir vanskeleg å utvikla perspektiv på kampen.

Å propagandera sosialismen er ei oppgåve som pressar seg på om NKS skal greia å vøkse. Men sommarleiren synte klart at det finst ei retning som ikkje vil vera med på kritikk av sosialistiske land.

Dermed held dei fast på ideen om partiet som ein overordna formyndar i den sosialistiske staten som ikkje treng retta seg etter demokratisk vedtak. Etter mitt syn er erfaringa at dette gjer partiet til eit "statsberande" byråkrati skild frå folket, og eg ser eit oppgjær med slike idear som ein av føresetnadene for å få til ein offensiv for sosialismen.

Dette siste er og knytt til ideen om dei ufeilbarlige klassikarane Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao. Etter mitt syn opnar sjølve omgrepet "dei 5 store" for ein ukritisk studiestil som er uvitskapleg og heilt i strid med marxismen.

3. Mens partiet har kome fram til at kvinnfolk og kvinnfolks interesser må stå fremst i alt revolusjonært arbeid og har me i NKS framleis kvinnearbeid på venteliste B. Rett nok har det vore tilløp til å ta opp kvinnespørsmål i IKarbeidet, men framleis er det unnataket. Det blir stadig klarare kva for kraft som ligg i kvinneopprøret - Kvinnefronten styrkar seg - og blant studentar. Me har ikkje råd til dagens tilstand kor det nokre stader er slik at jenter blir åtvara mot NKS fordi "NKS ikkje ser på kvinnekampen som viktig".

4. I 2årsmeldinga (7.2) står det:

"NKS er ein del av det norske samfunnet. Det betyr at undertrykking av arbeidarklassen, kvinner, av folk frå landsbygda, undertrykking frå erfarne folk mot mindre erfarne, heile tida slår inn i NKS. Me har i liten grad analysert og tatt særskilte tiltak mot slik undertrykking. Dette gjer og at demokratiet i organisasjonen ikkje blir reelt for alle."

Her stoda er slik må nye medlemmer oftast tilpassa seg "vår måte å gjera på, å gjera tinga på" eller bli passive. Dette er for det fyrste ei utilgjeveleg undertrykking av og sløsing med ressursene til folk. Men ikkje minst gjer det at me ikkje fornyer oss, at me held fram i dei gamle spora og står i akutt fare for å bli ein gubbe - organisasjon organisatorisk og politisk. For dei som var der, meiner eg at striden om opprettinga av ei eiga jentegruppe på leiren var eit utmerka døme på dette. Var du ikkje der? Spør nokon som var. Elles meir i neste nr.

80001

TIL KRITIKKEN AV 2-ÅRSMELDINGA

Av Einar Trondheim

Eg synst ikkje at 2-årsmeldinga frå Sentralstyret er eit godt dokument. Ho er prega av hastverksarbeid og blir dermed ikkje brukbar for det vidare arbeidet i NKS. Landsmøtet (LM) har krav på at diskusjonane om dei reelle problema i NKS har vore ført i heile organisasjonen. Meldinga inneheld mange konkrete feil og dei politiske linjene er til dels uklare. Dei politiske konklusjonane er ulne og dekkjer over mange av dei tinga eg meiner NKS må rette opp. Svara på korleis dette skal bli gjort blir ikkje gitt i Meldinga.

I dette innlegget vil eg ta for meg meldinga punktvis. Det er naudsynt å ha meldinga på bordet framfor seg for å kunne følge med på ferda.

1.5.

NKS har jobba og jobbar framleis i FR - Fellesrådet for sosialhøgskolestudentar. 2-årsmeldinga burde ha hatt ei vurdering av FR på lik linje med vurderinga av NSU og LNS. Dette er særst viktig fordi det t.d. i Trondheim har stått linjer som seier at NKS på Sosialhøgskolen er noko særst som jobbar heilt atskilt frå resten av NKS. Ei linje for å rette opp dette må m.a. innebære at FR blir tatt opp på lik linje med dei andre interesse-organisasjonane.

2.1.2

FR skulle ha vore nemnt - jfr. det eg sa om 1.5.

2.1.3.

Kvinnekampen har stått sentralt i NKS sitt arbeid i FR.

3.1.1.

Ein viktig grunn til den manglande kampen mot Venstrevind er at VV har få klare standpunkt. Vi har t.d. gjennom heile VV sin eksistensperiode fânnyttas etterlyst plattformar deira. I mange saker fell VV ned på våre standpunkt etter kvart. Taktikken i forhold til VV har gått ut på å så splid - utnytte saker der vi veit dei er usamde seg i mellom ved medvite å kjøre fram sånne saker. Føremålet har vore å isolere dei mest håplause, passivisere sentrum og trekke dei mest progressive nærare oss. Dette har vi i stor grad klart. Til dømes har vi splitta dei på sånne ting som gruvestreiken i Storbritannia, kampen mot Samskipnaden sine ulike planar for investering av overskott (svømmehallsaka) og kampen mot reaksjonære utspel frå Finansstyret i Samfundet. Kampen mot IATB har òg fungert på denne måten og IATB er ikkje lenger eit sentralt krav frå VV. Opprettinga av ein ny studentpolitisk front er eit nytt steg i denne retninga.

Det ville ha vore feil å kjøre mot VV utan å ta hensyn til at dei har romma fleire syn. Unyansert kamp mot VV ville ha sveisa dei meir saman i staden for å splitte dei.

3.1.2.

I Trondheim har vi heile tida kjørt mot heilskapen i TKSF sin politikk. Når vi har tatt opp einskildssaker, har vi hatt ei medvite linje på å knytte dei til almene spørsmål, sånn som imperilaismen, fridomsomgrepet til TKSF og kapitalismens elende.

Avsnittet om Bergen er i omfang altfor stort. Innhaldet er lagt fram i den første setninga og er at Samfundet i Bergen ligg nede som politisk forum. Kapitlet ber preg av tilfeldig samanklipping av fleire forslag.

3.1.3.

Vi diskuterer faktisk den politiske linja for arbeidet med IK og Samfundet her i Trondheim.

2-årsmeldinga overvurderer NTA (og fredsrørsla) når NTA blir trekt fram som eit døme på kva studentane er opptatte av. Fredsrørsla (og NTA) har utspelt si rolle.

3.2.1.

Det har ikkje vore debatt i I Emning om Iran. Signaturen Eric Dolphy hadde eitt innlegg om dette som blei ståande utan motinnlegg.

Det har i denne perioden blitt inngått ein slags stilltelande "borgfred" i NKS i Trøndelag med omsyn til debatten om det nasjonale spørsmålet, militærpolitikken og 3-verdenteorien.

3.2.3.

Her kjem ei feilaktig linje fram. Sentralstyrets plenum er i stor grad ein "prateklubb" og ikkje eit arbeidande organ som skal løyse dei praktiske oppgavene sjølv. Sentralstyret skal diskutere dei politiske linjene og ikkje utforme detaljplanar. At haustplanen 1986 enno ikkje er komen ut er eit uttrykk for feilaktig prioritering. Det er DS og AU som skal utforme dei meir handlingsretta planane.

3.2.3. (to kapittel har same nr. - kvifor ?)

Dei som var usamde i Strategisk Plan gjorde ingenting for å drive denne debatten vidare. Vi som i hovudsak var samde gidde ikkje å skrive innlegg på innlegg når det ikkje kom motsvar. (jfr. dei to "Betenkningene" til Rolf Rødøye)

3.2.4.

Det var til saman 5 personar som meldte seg ut av NKS med eksplisitt grunnlag i m.a. det nasjonale spørsmålet. I tillegg meldte ein person seg ut som var samd med dei 5 andre på dette spørsmålet, men med hovudgrunnlaget for utmeldinga knytta til andre

ting. Ein av desse har no meldt seg inn att.

Etter årsmøtet i Trøndelag i 1985 har det ikkje vore interne debattar om dette spørsmålet i laga eller internblada. Årsaken er at det har vore ein stillteande avtale om borgfred. Derfor finst det ikkje grunnlag for å seie at NKS i dag er konsolidert på AKP(m-l) si linje.

Det er feil å trekke fram NTA og pasifismen knytta til det nasjonale spørsmålet. Det vi treng i den samanhengen er ei konsolidert revolusjonær linje - dvs propaganda for væpna revolusjon. Også dei som er usamde med AKP(m-l) på det nasjonale spørsmålet avviser konsekvent pasifismen og ser på NTA som heilt ubetydelege i studentmiljøet.

4.

Dette punktet er ei unødvendig opprømsing av detaljar. (By the way finst et ikkje nokon ambassade i Tromsø - verken amerikansk eller anna.)

4.2.

Også dei som hevdar at 3-verdenteorien fører til støtte til Khomeini er samde i det tredje standpunktet. Det debatten derimot har dreid seg om er om vi skal gi generell/vilkårlaus støtte til Khomeini-regimet.

4.3.

Det har ikkje vore obligatoriske lagsmøte om Iran i Trøndelag.

7.

I løpet av perioden meldte halvparten av DS i Trøndelag seg ut av NKS (våren'85). Ei 2-årsmelding burde gjere greie for dette og vurdere om Sentralstyret takla dette på rett måte.

7.1.1.

Eg er usikker på kva meldinga meiner med "dei politiske linjene for vervearbeidet". Det er òg feil å påstå at det er ein viktig feil at vervinga er for lite knytta til dei eksterne arbeidsfelta. Dette er å snu heile problemstillinga på hovudet. Hovudproblemet er sjølvsagt at vi vervar for lite. Om vi vervar ein medlem er det knekkande likegyldig kva det er knytta til så lenge dei som blir med er innforstått med kva vi står for (væpna revolusjon, møteplikt, arbeidsplikt, tryggingpolitikken osv). Den viktigaste veikskapen er at vi er for lite dristige, manglar pågangsmot og at vi ikkje har utvikla kollektive linjer i vervearbeidet. Vervinga er framleis i for stor grad eit ansvar for den einskilde medlemmen.

7.2.

Oppløysinga av organisasjons-prinsippa våre er eit hovudproblem. Dette viser seg

D

ved at laga fungerer dårleg. Styrkinga av lagsstyra og innskjerping av disiplinen - dvs møteplikta og arbeidsplikta - er heilt naudsynt om ikkje NKS skal døydde i løpet av kort tid.

7.5.

Om forholda er sånn som skissert, er det ein skandale. Kva har Sentralen gjort for å rette opp feila? Har ikkje problemet blitt tatt opp før no?

9.1.2.

Planane våre burde ha vore (og er?) 100% fylt av saker som vi skal gjere. Det er litt latterleg å tru at vi kan planlegge kva andre folk skal gjere.

Det er feil at vi ikkje drog andre folk med i arbeid som program for Studentersamfundet og IK. Vi skal ikkje vere eit statistisk byrå for innssamling av opplysningar om kva folk meiner om dette eller hint. Ein slik halehengspolitikkk treng vi ikkje.

Eg er mot ei vulgarisering av parolen om "frå massane - til massane". NKS skal presentere sin politikk og ta kamp for han. Gjennom kampen blir vi i stand til å rette opp eventuelle feil - ikkje gjennom å springe rundt med spørreskjema til folk. Borgarlege valparti finst det allereide nok av.

9.1.3.

Eg forstår ikkje kva det betyr at t.d. KK-sal er blitt eit "rituale". Forsøk på å reise debatt om kor politisk viktig KK er er blitt møtt med tause blikk. Gjennom ein kontinuerleg kamp har vi klart å halde KK-arbeidet oppe sånn noka lunde.

9.2.

Eg kan ikkje støtte forslaget om å bygge på "opprøret frå sommarleiren" før eg har fått presentert skikkeleg kva dette opprøret gikk ut på og kva politiske linjer som låg bak. Eg er usamd i at NKS fungerer for lite demokratisk om det meinast at det er for mykje sentralisme. Manglande sentralisme er problemet som leier til dårleg demokrati i dag.

KONKLUSJON

Hovudproblema i NKS i dag er :

Mangel på ein revolusjonær arbeidsstil i laga og leinga / Liberalisme (høgrelinjer i organisasjons-spørsmålet) / Manglande kjennskap til marxismen-leninismen / For få medlemmar

Hovudfaren for NKS er den borgarlege ideologien som det kapitalistiske samfunnet produserer heile tida. Det betyr at vi heile tida må skolere oss i marxismen-leninismen og sette kampen mot den borgarlege ideologien på dagsorden eksternt og internt.

Framlegg til strategisk plan for NKS har flere svakheter. En av dem er at den i for liten grad tar hensyn til de enkelte NKS-medlemmenes særegne ressurser i utgangspunktet.

Et iøyenfallende trekk ved NKS idag er f.eks. det ikke ubetydelige antallet medlemmer som har sin politiske og organisatoriske erfaring fra Kvinnefronten. Mange av disse har fortsatt med arbeid i Kvinnefronten på lærestedet som sin eksterne hovedoppgave. Det ville være galt å formulere en strategisk plan for NKS som risikerte å sette fruktene av dette viktige arbeidet over styr.

Jeg er enig i at interessekampen og organisasjonsbygging må være NKS sine hovedoppgaver i overskuelig framtid. Men det betyr ikke at vi ikke skal ha klart avgrensa planer også på andre områder. (Jfr. planens pkt. 1.3,7.) Feil blir det imidlertid når et område som kvinnekampen blir satt bort til egne kvinnegrupper som opprettes lokalt (2.17.), og den særegne kvinnekampen og oppretting av Kvinnefront-grupper henvises til Fase III i planen (4.8.)

Utviklinga av de kvinnepolitiske linjene som NKS kjører ut, må være hele organisasjonens ansvar. Det må være ei avgrensa målsetning, allerede i fase I, å skolere hele NKS på dette feltet, gjøre denne delen av politikken vår også til guttas ansvar, og søke å korrigere praksisen på dette feltet.

Av disse grunnene har jeg følgende forslag i tilknytning til Fase I i planen:

"Sommerleiren 1987 må ha kvinnekampen som hovedtema, med emner som NKS sine kvinnepolitiske linjer, den særegne kvinnekampen på universitetene og høyskolene, kvinneinnrettinga på interessekampen osv.

Den påfølgende årsplanen legger inn 2 obligatoriske lagsmøter innafor dette feltet. Fra 1.februar til 8.mars 1988 har NKS kvinnepolitikk som ekstern hovedoppgave, med målsetning om å trekke med alle medlemmene i ekstern praksis på dette området."

Adrian.



ÅBYRÅKRATISER ORGANISASJONEN-

LEGG NED OSLO DS :

I lengre tid har vi i NKS hatt en situasjon, særlig i Oslo, med tiltagende byråkrati og "dobbeltarbeid" - Dvs. en situasjon hvor folk både fra Sentralstyrets Arbeidsutvalg og fra DS i Oslo jobber med eksakt de samme oppgavene, og skal lede de samme områdene. Det har dessuten i de siste par åra vært vanskelig å finne fram til et tilstrekkelig antall kadre som er villige til å ta på seg ledende oppgaver i NKS. I tillegg til at dette er en belastning for Oslo-organisasjonen, går det i høy grad ut over laga, - grunnorganisasjonene, da det kan være problemer med å få valgt et reelt styre for disse i enkelte tilfeller.

Noen av disse problemene er av klar politisk karakter, med nedprioritering av NKS og de kommunistiske organisasjonsprinsippene. Dette må løses med en opprusting av den demokratiske sentralismen og den ideologiske kampen i organisasjonen. Men samtidig må problemene løses så fort som mulig, særlig fordi grunnorganisasjonene nå lider under dette.

Derfor går jeg inn for at DS i Oslo legges ned, og at grunnorganisasjonene ledes direkte av Sentralstyret. Det er beklagelig, men

ut fra den rådende situasjonen, at alt for mange styrer hverandre, dessverre nødvendig. Den daglige ledelsen av Oslo-distriktet legges til Sentralstyrets AU. Minst to av AU-medlemmene bør ha hovedansvaret for å lede Oslo-organisasjonen, og for å arrangere og styrke Lagslederkonferansene i distriktet. Sentralstyret utpeker hvem som skal framstå som leder og talsfolk for Oslo. Denne ordninga kan ikke tre i kraft før nåværende Distriktsstyrets periode er over. Det skal ikke opplyses utad at Oslo DS er lagt ned. Og svært viktig: - dette er bare ei midlertidig ordning; en taktisk retrett for å samle oss om å styrke organisasjonen.

Det er ikke nødvendig med noen vedtektsendringer for å foreta ei slik midlertidig omorganisering, det dekkes av §15, jfr. §11 første ledd. Ei slik midlertidig omorganisering vil gjøre oss i stand til å drive et bedre massearbeid og verve flere til organisasjonen. Da vil også noe av grunnlaget for ei slik ordning, det relativt lave medlems-tallet, falle bort. Sentralstyret vil da igjen kunne innkalle til Årsmøte i distriktet, og opprette et nytt Distriktsstyre.

Nedlegging av Oslo DS og en mer sentralistisk ledelse, vil bety en sterk opprusting av organisasjonen. Det vil i denne situasjonen være med på bringe oss mer i takt med hvilke krav vedtektene stiller til oss, se §17 om grunnorganisasjonenes rolle. Ved en slik sammen-slåing av funksjoner kan vi få en mer effektiv organisasjon hvor hovedtyngden av arbeidet vårt skjer gjennom laga. Dette bereder grunnen for en mer slagkraftig organisasjon, for økt medlemsdemokrati og for en mer "levende" organisasjon.

Richard S.

Eg vil her knytte noen kommentarar til " forslaget til Strategisk plan".

Fyrst vil eg sei at det er mykje bra i det forslaget som foreligger, men og ein del viktige svakheiter. Slik planen er utforma no med hovudvekt på interesse-kamp arbeid, då serskilt i faseplanen, og lite på organisatorisk, politisk og ideologisk styrking av organisasjonen samt mangel på planar for ideologisk og teoretisk kamp utad, bør den heller kallast ein " Langtidsplan for IK-arbeidet enn ein Strategisk plan.

Ein Strategisk plan for NKS i dag må med anna ta opp ein styrking på teoretisk og ideologisk kamp eksternt og internt. Store teoretiske spørsmål står idag opne uten at NKS eller AKP har hatt diskusjonar på desse. ML-bevegelsen står meir og meir fram som Ein splitta gruppe kor det ikkje først indre kamp for å løyse motsigelsane. Eg vil hevde at eit viktig element i "Strategisk plan" må vere å konsolidere NKS på ein del sentrale teoretiske spørsmål. Fyrst då kan ein stå samla utad og drive politisk og ideologisk kamp som eit handlekraftig alternativ for studentar. Det er sers viktig at NKS står fram som agitatorar for den vitenskapelege sosialismen opp mot utopiske draumar. Det er t.d. viktig at NKS har eit svar og eit standpunkt til om Kina er kapitalistisk eller sosialistisk og at dette ikkje er opp til kvar einskild person å ha si private mening. Når me propaganderer sosialismen må vi og vere i stand til sei kva som er, og kva som ikkje er sosialisme. Slike avklaringer gjennom iskasjon og studiar meiner eg det er livsviktig å prioritere framover.

n ein no vedtar at planen skal vere omtrent som forslaget, foreslår eg at ein aller det ein langtidsplan for IK-arbeidet så ein ikkje skaper forvirring om ring viktige spørsmål for NKS i tida som kjem, som har med framtida til NKS gjere.

Planen må slå fast at NKS skal vere eit reiskap for arbeidarklassen i Noreg blant studentane og ha som oppgåve:

1. Slåss for riktige liner blant studentane.
2. Reise kamp i Studentmassen for egne krav mot Staten.
3. Slåss for at studentane skal verte arbeidarklassen sin allierte gjennom gjensidig støtte og kamp.
4. Vinne fleist mogleg studentar for for revolusjonen og kampen for denne under arbeidarklassen si leiding.

5. Verve og fostre kommunistar blant studentane.

Å slå fast oppgåva til NKS er viktig då oppgåva og peiker ut grunnlaget for arbeidsmetoder og liner for revolusjonær studentpolitikk. Blant anna vil ein lå lettare sjå at ideologisk og politisk kamp er naudsynt i tillegg til IK-arbeidet.

Interessekampen har ei ideologisk side som retter seg mot studentane når me slåst for riktige liner blant studentane. Kampsaker som mot omfordeling mellom utdanningsinstitusjonane, mot inntektsavhengig tilbakebetaling på studielån har no som hovedside å sloss for ei riktig politisk line blant studentane sjøl om dei og har ei økonomisk side. Me har klårt ei tendens til å leggje for lite vakt på den ideologiske sida i interessekampen. Me argumenterar med økonomiske argumentar uten å trekke inn at Staten er eit reidskap for kapitalen og ikkje noe rettferdig fordelar av godane. Eit positivt trekk er at me er vorte flinkare til å trekke inn det usolidariske ved å kreve IATB.

Difor vil eg gjerne ha eit avsnitt om den ideologiske sida av interessekampen inn i fase-planen. At me setter oss målsettingar på det ideologiske planet meir konkret i liner me må få gjennomslag for, for at dei meir tekniske målsettingane som hvilke organ me skal satse på og leie ved eit gitt tidspunkt i ein fase, skal vere mogleg. Eit slikt avsnitt vil og vere med å konsolidere organisasjonen på ei rett ideologisk line. Og me vil vere betre i stand til peike ut viktige ideologiske kampsaker til eit kvart tidspunkt.

NKS gjorde ein god jobb med Renteaksjonen 86. Men arbeidet burde vert oppsummert grundigare og gjort kjent gjennom internbladet for medlemmane. Eit problem med Renteaksjonen og no og med Statsbudsjettaksjonen er at Sosialdemokratane i DUK vedtar krava uten å sende dei ut til høyring på allmøter i organisasjonane. Krava kunne og vore mykje betre. I framtida må NKS meisle ut krav på førehand, ta desse opp på allmøter og slåst for at det skal bli diskusjon omkring krava. Me må ikkje berre vere flinke organisatorar av slike aksjonar, like viktig er det at me slåss for best moglege krav og at me avslører leiinga i DUK si forakt for allmøtas syn.

Thomas.

POLEMISK MOT PRINSIPP-PROGRAMMET

Av Truls K

For å komme i gang med sosialisme-debatten kan det vere eit godt utgangspunkt å ta fatt i det som står i Prinsipp-programmet (PP) kap.5. Sidan eg ikkje var på sommarleiren, er det godt muleg at eg fell litt på sida av den debatten som blei ført der, men det får heller stå sin prøve. Eg vil gå inn i kap.5.5 i PP-84 og polemisere mot nokre av dei linjene som blir lagt fram der.

5.5.1. PROLETARIATETS DEMOKRATISKE DIKTATUR

Demokrati og diktatur er to klasse-omgrep som er knytta til kva for klasse som har makta i staten. Samstundes er demokrati og diktatur to sider i ei motseiing, og desse to sidene kan ikkje foreinast. Når proletariatet styrtar borgarskapet og overtar makta, endrar innhaldet seg i dei to omgrepa.

Under kapitalismen inneber demokratiet at borgarskapet kan utbytte og undertrykke arbeidarane. Den mest hellige av alle fridomar i det borgarlege demokratiet er fridomen til å eige produksjonsmiddel - eller den private eigedomsretten. Den borgarlege staten skal sikre at denne fridomen blir halde oppe, om naudsynt med vald. Under kapitalismen inneber diktaturet såleis at produksjonen for profitt er ukrenkeleg og at meirverdien blir forvalta av borgarskapet. Det er borgarskapet som har styringa med valdsapparatet - politi og hær/marine/luftvåpen - og

som gjennom si tilknytning til NATO har sikra seg hjelp frå andre borgarskap om det borgarlege demokratiet blir trua.

Under sosialismen blir dette endra kvalitativt - dvs at innhaldet skiftar heilt. Demokratiet er no våpenet til arbeidarklassen. For å utvikle samfunnet mot kommunismen må vi utvikle produksjonen gjennom ein planøkonomi - noko som krev eit utstrekt demokrati: vi må bryte ned den tvungne arbeidsdelinga og dermed bryte ned klasseskilla. Dette er umuleg utan at arbeidarklassen har all makt - dvs alle fridomar. Samstundes er det naudsynt å undertrykke borgarskapet, dvs utøve diktatur mot alle som vil attreise kapitalismen. Arbeidarklassen kan ikkje utøve dette diktaturet anna enn ved at han nyttar demokratiet.

Å kalle statsforma for "demokratisk diktatur" er derfor ei uvitskapeleg samrøyre av to motstående og uforeinlege omgrep. Eit diktatur er aldri demokratisk.

Demokratiet finst for arb.kl. fordi arbeidarklassen har eige

og diktaturet finst fordi arbeidar-
klassen skal undertrykke
borgarskapet som klasse.

5.2. KLASSEGRUNNLAGET FOR DEN SOSIALISTISKE STATEN.

Vi nemnar tre grupper/sjikt/
klassar som har interesse av
sosialismen. Det er heilt rett at
fleir av desse har objektive inter-
essar av at kapitalismen blir
styrta og erstatta med ein sosial-
istisk stat. Det PP ikkje tar opp
skilnaden mellom objektive
interessar og kva ein revolusjonær
klasse er. Derfor hamnar programmet
i feil spor i nokre viktige saker.
Den tredje gruppa PP nemner
thører proletariatet. Proletar-
tet er den klassen som ikkje har
ko anna å selge enn si eiga
arbeidskraft. Definisjonen er ikkje
hengig av om vedkommande står i
produksjonen i dag - er tilsett -
eller er arbeidslaus.

Vi må slå fast at makta berre
tilhøre EIN klasse, og ikkje
ei allianse mellom fleire klassar
fordelinga av folk i klassar er
bestundes ei undersøking av kva
forhold dei står i til makta i
staten. Under kapitalismen går
i motsetninga mellom proletar-
tet og borgarskapet. Derfor er
berre proletariatet som kan
styrte borgarskapet. At berre
proletariatet kan vere den klassen
som har makta under sosialismen
tyr at det berre er
proletariatet som kan leie

samfunnet i retning av at klassan
forsvinn. Dette er fordi arb.kl. e
den einaste klassen som ikkje ka
frigjere seg sjlv utan å frigjer
alle klassane ved at alle klasse
skille forsvinn.

Programmet vaklar på dette område,
og sett ein del av dei som skal ha
makta under leiing. Dei som har
makta, har sjølv sagt makta, og kan
ikkje bli sett under leiing av
andre. PP representerer eit sosial-
demokratisk syn på staten fordi det
tilslører dette forholdet.

Om vi ikkje godtar at det er
arbeidarklassen som skal ha makta
aleine, har vi ingen garantiar for
at det til ei kvar tid er arbeid-
arklassen sine interessar som
styrer staten.

Demokrati/diktatur og maktforhold
er to sider av same sak og må
ikkje bli blanda saman med spørs-
målet om makta. Utstrekke demokrat-
iske rettar er vel og bra, men må
ikkje få lov til å bli hovudspørs-
målet i debatten.

Sjølv sagt vil demokratiske rettar
gjelde fleire enn arbeidarklassen
sjølv om det er arbeidarklassen som
har makta i staten. Under kapital-
ismen finst det masse rettar og
fridomar, men det som kjenneteiknar
desse er at dei ikkje røkkar ved
Steigan sier at jeg har samme oppfatning av klassealliansen som Hovdengruppa og Baudegruppa hadde. I materiale som blei utgitt de gangen (1971) heter det bl.a.: «Baude-gruppa slår det arbeidende småborgerskapet - småbønder, fiskere, småhandelnde osv. i hardtkorn med storborgerskapet og beskriver det som reaksjonært»

(5) Påstår virkelig Steigan at jeg har hevda noe liknende? Hvis debatten først skal vulgariseres, går det vel an å gjøre det noe mer elegant.

Steigan mener at holdninga mi til det sosialistiske demokratiet i beste fall er uklart. Jeg syns sjøl jeg har en relativt klar holdning til dette, når det ikke kommer fram i bulletinen, er det fordi innlegget først og fremst er en kritikk av PPU. Dette har jeg redegjort for tidligere.

Steigan mener at setningen «samstundes må han undertrykkja det mindretallet av utbyttrarar og agentar som kjemper for å ta frå fleirtalet makta og setja kapitalismen inn att». Hvorfor *står* det ikke *borgerskapet* da? Hvorfor *står* det ikke: «Samstundes må han undertrykke borgerskapet»? Igjen syns jeg Steigan er urimelig i utlegninga av hva PPU «egentlig» mener.

Steigan syns det er merkelig at jeg er harm på at PPU vil garantere borgerskapet en lang rekke friheter og rettigheter. - Men hvorfor skal borgerskapet ha disse rettighetene? I motsetning til Steigan ser jeg ingen grunn til det. Eller trur Steigan at borgerskapet vil skjønne og akseptere at frihetene og rettighetene først og fremst er beregna på arbeiderklassen, og derfor unnlatet å benytte seg av dem? «Folk må jo få innsynsrett i statsstyringa», står det i PPU. Dette er jo helt utrolig! Skal hvem som helst forlange å få vite hva som helst om forsvarssaker, økonomiske forhold, handelsforbindelser med utlandet osv. ? Eller er det ikke sånn det «egentlig» er ment?

Steigan stiller et spørsmål for å få meg til å klargjøre synet mitt på demokrati under sosialismen. Jeg skal svare på om jeg er for eller mot de rettighetene som PPU ramser opp for «det store flertallet». Til det er å si at jeg er hverken for eller mot noe som helst for «det store flertallet». Skal Steigan stille ja/nei/for/mot-spørsmål, får han ihvertfall stille dem nøyaktig. «Det store flertallet» av hva? Proletariatet?, Folket?, Samfunnsmedlemmene? Det er ikke nødvendig å ha særlig velutvikla fantasi for å skjønne hva jeg skriver i bulletinen.

Poenget mitt er: Ei borgerskapet ... undertrykkende stilling. Proletariatet skal være den undertrykkende klassen. Vidtgående og reelle demokratiske retter skal gjelde for proletariatet og dets allierte. 5. KOMMUNISTPARTIETS ROLLE

Steigan hevder at jeg vil løse problemet med partiets ledende rolle ved å gi kommunistpartiet en plass i grunnloven. Han sammenlikner dette med kongens plass i grunnloven. Men hvorfor gå så langt tilbake i historia, hvorfor ikke sammenligne med unntakslovene i Norge som blei vedtatt etter krigen. Disse gir borgerskapet diktatoriske fullmakter (formelt sett) dersom borgerskapet mener situasjonen krever det. Hva er grunnen til at proletariatet ikke skal ha liknende fullmakter? Jeg er enig med Steigan i at ei *formell* særstilling for partiet ikke sikrer noe som helst. Det som teller er de *reelle* maktposisjonene partiet til enhver tid har. Men hvorfor ikke gi partiet *formelle* særretter (juridiske) også? Er det fordi vi er redde for å avsløre hvor udemokratiske vi er? Er det fordi vi mener at det ikke vil være taktisk lurt? Jeg er i og for seg åpen for den siste muligheten, at partiet av taktiske årsaker ikke skal gå inn for juridiske særretter. Men det er ikke sanne vurderinger som er ute og går i dagens debatt.

Kjerna i diskusjonen om partiets rolle under sosialismen er spørsmålet om partiet skal kunne gripe inn overfor og eventuelt avsette ei sittende regjering. PPU's syn på dette er klart uttrykt i følgende sitater: »PPU s.23: »Partiet skal ikkje gjera dette dersom det er i strid med folkeviljen og eit fleirtal i demokratisk valde organ». Og »dersom partiet får fleirtalet mot seg, lyt det bøya seg og ta ein politisk kamp for å vinne nok stonad ved overtving, slik at politikken kan gjennomførast».

PPU mener at partiet *ikke* skal kunne gripe inn overfor ei sittende regjering. Det mener jeg. Og dersom dette skal være mulig må partiet ha *reelle maktposisjoner*, først og fremst i hæren. Om disse i tillegg er lovfesta, ser jeg det som en fordel.

Steigan stiller igjen en del ja/nei spørsmål: Sp.m.: Skal det være stemmerett for det store flertallet? Svar: Ja (med forbehold om hva Steigan mener med »det store flertallet»). Sp.m.: Skal dette flertallet kunne velge ... hvem de vil til ei nasjonalforsamling? Svar: Ja (med samme forbehold). Sp.m.: Skal nasjonalforsamlinga utnevne regjeringa? Svar: Ja.

Steigan påpeker at det i PPU kap.8 står mer om partiets revolusjonære oppgaver enn de to linjene jeg siterer. Dette har han rett i. Jeg har rett og slett oversett de 4 andre og ber om å bli tolka på mildest mulig måte i denne sammenheng.

Steigan sier at jeg skriver at en del setninger fra 1980 programmet om kommunistpartiets oppgaver er utelatt i PPU. Det er ikke riktig: Jeg skriver: »Dette er også nevnt i PPU kap.7 om den internasjonale kommunistiske rørsle». (DB s. 57.) Det er altså ikke bare jeg som overser saker og ting.

Poenget mitt var at kommunistpartiets strategiske oppgaver i all hovedsak (minus 6 linjer), var behandla i en historisk sammenheng i kapitlet om den internasjonale kommunistiske rørsle, og ikke i kap.8 om AKP(m-l) i Norge.

DENNE GONGEN : OM VANDRARAR PÅ DEN KAPITALISTISKE VEGEN VED

WILHELM – GUNNI OG JOSEF !!!!!

"Borgarskapet er dei i partiet med maktstilling som går den kapitalistiske vegen." (Mao) Eg meiner dette er ein uholdbar definisjon av borgarskapet under sosialismen.

1.

Eit atterhald: Eg veit ikkje kor mykje Mao la i dette utsagnet. (Når ein stakkars faen blir klassikar, blir jo kvar setning ein har krota ned, studert til epokegjerrande bidrag til ny erkjening.) Kanskje meinte han berre i den konkrete stoda å peika på ei politisk retning i partiet og seia: "Sjå, der stikk eit nytt borgarskap hovudet fram. Gi dei ein på trynet!" Dette må testast ved å sjå kva politikk Deng/Liu verkeleg sto for og kva han ville føra til.

2.

Me er materialistar. Me analyserer klassar og grupper ut frå den materielle stoda dei står i, fordi det er det som bestemmer den objektive interessene deira, det som dominerer tenkinga. Skulle me fråvika dette under sosialismen? Sitatet ovafor går i den retninga – det terekker klassegrensene utfrå kva politisk standpunkt folk tar. Det må vera feil.

3.

Eg meiner ei slik analysa vil avvæpna arbeidarklassen og folket i kampen om makta fordi:

- ein stiller opp hovudmotsetninga ikkje mellom arbeidarklassen og sjiktet av administrasjonen med makt, men innad i administratorsjiktet - mellom dei som går den kapitalistiske vegen og dei som går den sosialistiske vegen. (Dei vonde og dei gode). Slik blir arbeidarklassen

redusert til å klappa i hendene for den eine eller andre fraksjon i stats/partileiinga. "Stol på leiarane som har proletarisk ideologi," blir parola. Ein glemmer at heile administratorsjiktet (såvel Mao som Liu og Deng i Kina) står i same sosiale stilling og blir påverka av det. Ein arbeidarklasse som forliter seg på ålreite leiarar er nøydd til å enda opp som Svarteper.

- definisjonen føreset at det til eikvar tid finst ein gitt definisjon av den kapitalistiske vegen. Proletariatets diktatur blir då utøvd ved at ei retning i debatten i parti/stat blir fråtatt retten til å ytra seg (som under kultur-revolusjonen.) Dette må enda opp i ideen om monolittisk einskap, dvs. at dei som til eikvar tid er i fleirtal i partileiinga er dei einaste som skal snakka. Slik tar ein frå arbeidarklassen det viktigaste våpenet hans - demokratiet, og GARANTERER utviklinga av ein byråkratisk herskarklasse.



Replikk til Wilhelm.

Wilhelm argumenterer mot Maos definisjon: "Borgerskapet er dei i partiet med maktstilling som går den kapitalistiske vegen." Han mener det er en uholdbar definisjon av borgerskapet under sosialismen. Dette trenger en kommentar.

Wilhelm mener at kasser og grupper må analyseres ut fra den materielle situasjonen de står i. Videre at det forutsetter en gitt definisjon av kapitalismen, og at skillet vil gå innad i byråkrati-sjiktet - ikke sjiktet som sådan.

Jeg skjønner det sånn at Wilhelm er mot subjektivismen, at politiske meninger/karakteristikker - ikke kan inngå i en klassedefinisjon under sosialismen. Jeg synes dette er mer problematisk fordi politikken - det subjektive elementet spiller en langt større rolle for utviklinga av samfunnet enn under kapitalismen. Det innebærer en kamp om politiskelinjer - i et omfang og med en betydning som er langt større enn idag. Debatt om hvilken politikk som trekker i retning kommunismen, hvilken som trekker i retning kapitalismen.

Dette innebærer ikke at det fins et oppløst vedtak om hva som er å gå kapitalismens vei opp mot den kommunistiske. Jeg er ikke særlig glad i å flikke på definisjoner, og bøyer nakken for de som står for den origina-

litet det er å kritisere Mao. Jeg synes også at definisjonen blir subjektivistisk og utilstrekkelig, men at det subjektive element under sosialismen er motor i utviklinga på en annen måte enn under kapitalismen.

Gunni

WILHELM, DEFINISJONER OG HISTORIAS PRAKSIS.

Wilhelm hevder at Maos definisjon av borgerskapet "vil avvapne arbeiderklassen og folket i kampen om makta." De vil bli redusert til "å klappe i henda" osv. Problemet er bare at det MOTSATTE skjedde i Kina: Verdenshistorias største politiske massebevegelse. 800 millioner mennesker i ivrig debatt om dagens leder i Folkets Dagblad på jordene, på jobben, på trikken til og fra, på skolene. Debatt om hvilken veg deres samfunn skulle ta. Den politiske temperaturen sank etterhvert, og argumentene stivnet til og debattene tok mer og mer form av rituelle knebøyninger. De som kom inn i revolusjonskomiteene som representanter for de revolusjonære massene i 1968, var sjøl blitt kader etter 8 år i ledertøya. Kulturrevolusjonen stagnerte. Den utviklet seg ganske riktig "en byråkratisk herskerklasse." Deres verktøy for å ta over statsmakta var nettopp "partifolk med makt som gikk den kapitalistiske vegen." Det virker unektelig som om Mao hadde mer rett enn Wilhelm.

Josef

GRUNNFORSKAREN OG STATSBYRÅKRATEN - TO
ALEN AV SAME STYKKE ?

I diskusjonane på sommarleiren kom me inn på dei intellektuelle si rolle før- under og etter ein sosialistisk revolusjon. Det er - trur eg, brei samje om at dei intellektuelle har objektiv interesse av sosialisme, - og at dei vil vera allierte før, under og etter den sosialistiske revolusjonen. Det usemja sto på var spørsmål som

- skal arbeidarklassen dela makta med dei intellektuelle
- er dei intellektuelle potensielle kontarevolusjonære (i såfall gjeld det alle, eller berre deler av dei ?)
- kor viktig blir det å bryta ned arbeidsdelinga, for å "sikre" ei sosialistisk utvikling ?

Eg meiner at me kan trekka ein del lærdom av det som skjedde i Sovjet og Kina. Eg er klar over at dei intellektuelle i desse landa på mange måtar skil seg frå Noreg. M.a. var dei prosentmessig eit ekstremt lite mindretal samanlikna med vårt land, og t.d. forakten for fysisk arbeid og skillet mellom hånd - ånd var særst stort, iallefall i Kina.

Men ein del ting er opplagt felles, iallefall trur ikkje eg at Noreg er noko verdshistorisk unntak.

OVER TIL NOREG.

Eg meiner at ein sosialistisk revolusjon må byggja på ein brei allianse mellom arbeidarklasse og småborgarskap, og at

ein av dei viktigste og næraste allierte vil vera dei intellektuelle.

* * * * *

Det betyr ikkje at dei skal ha makta på lik line med arbeidarklassen. Sjølsagt skal dei ha demokratiske rettar, og dei/me vil ha mykje meir innflytelse enn idag. Men slik borgarskapet ikkje "deler" makta si med oss, vil heller ikkje arbeidarklassen "dele" makta si med andre grupper. Uansett vil det bli ei enorm betring for alle utan borgarskapet, slik eg tenker meg det.

* * * * *

Dei intellektuelle må ikkje bli dominerande i partiet. Dette er døds viktig fordi arbeidsdelinga vil halda fram i mange tiår etter revolusjonen. Derfor må det gjerast mykje for å hugdre at partiet blir eit "klatreparti" eller at partimedlemmane blir statsfunksjonarar og sekretarar "en masse." Arbeidarklassen må vera dominerande både talmessig og m.o.t. politiske verv. Og me må hugsa at yrkespolitikarar ikkje held fram med å vera arbeidarar i uendeleg tid etter at dei forlot arbeidsplassen. Nok om det, det er uendeleg med "tiltak" å ramse opp.

MEN KVA MED GRUNNFORSKAREN ?


Eg er sand i at hovedfåra ikkje ligg i at grunnforskarane på biokjemi rottar seg saman med kollegaene på historie og grip makta i den sosialistiske staten. Om dei hadde villa det, hadde dei ikkje greidd det, medmindre statsbyråkratiet og partiet var fullt av grunnforskarar. Det er i administratorsjiktet og i kommunistpartiet hovedfåra ligg. Men grunn-

forskaren og læraren vil pga. plasseringa si i produksjonen og den kulturelle samkjensla med borgarskapet vera blant dei som lettast sluttar opp om revisjonistiske linjer frå ei kontrarevolusjonært gruppe i maktposisjon.

Privilegier knytta til yrket, auka prestisje er ikkje å forakta. Det såg me i Sovjet, og det ser me i Kina. Det betyr ikkje at alle dei intellektuelle bevisst vil styrta sosialismen for å komma tilbake til gamle tilstander, men at dei ikkje vil gå i spissen for å bryta ned arbeidsdelinga og med det klassane. Dei vil ha nøysle med å vera med på å bestemma, og sjå det som naturleg at dei skal ha meir å seia enn hjelpepleiaren og bilmekanikaren .

Det er ikkje snakk om å stempla folk som onde eller gode, men om å sjå kor tankane spring utfrå. Skal me unngå og få eit parti og ein stat fylt av "apparatsjnik" som blir ein ny herskarklasse, må arbeidarklassen heile tida "forfordelast". Slik det blir oppfatta som "urettferdig" av mannfolk når kvinnfolka blir forfordelt idag, slik vil og dei intellektuelle oppfatte forfordelinga av arbeiderklassen, det er eg viss på. Det betyr at usenja må løysast smidig, slik at det ikkje blir antagonistiske motsetningar. Men det betyr ikkje at arbeidarklassen skal dele/gje frå seg makta.

Elin



DEBATTEN OM RØD FRONT HELD FRAM

- HVOR BLIVER TRØNDERNE AV ?

TIL DEBATTEN OM NKS OG RØD FRONT.

Jeg skal kort og punktvis kommentere den debatten som har gått i de siste numrene av 4.mai om NKS og Rød Front:

1. NKS har et skrikende behov for å dekke områdene allmenpolitikk og ekstern ideologisk kamp. Spørsmålet er hvilke arenaer som er de viktigste for oss i denne sammenhengen. Her er vi visst enige om at Studentersamfunnene ihvertfall i Oslo og Trondheim, er svært viktige. Her treffer vi studentene direkte, i kampsituasjoner overfor andre studentpolitiske organisasjoner, på aktuelle politiske og ideologiske spørsmål, samtidig som det fostrer oss. Studentersamfunnene på disse stedene har mange medlemmer, mens møtene er besøkt i varierende grad. Det viktige er imidlertid at det er de politisk nysgjerrige og interesserte studentene, nettopp de som vi ønsker å komme på talefot med, som oppsøker disse møtene.

2. Forholdet mellom NKS og Rød Front:

Rød Front er et redskap for NKS sammen med andre progressive og allmenpolitisk interesserte studenter til å føre den politiske og ideologiske kampen i Studentersamfunnene. Rød Front kan være, og har vist seg å ha vært, en viktig bro som har lettet overgangen fra å være uavhengig til å bli med i NKS. Et Rød Front uten NKS er utenkelig, og det er vi visst også enige om. NKS i Trondheim og i Oslo må derfor sette av et bestemt antall medlemmer til å delta i å bygge Rød Front organisatorisk og politisk.

3. Ei viktig innvending mot Studentersamfunnsarbeidet idag, går på området "nytenkning", kritikk av "70-talls-plattform, standpunkter og form" osv. Det er riktig at vi må ta hensyn til nivået og innstillingene/de ideologiske strømningene i studentmassene av idag, når vi legger opp arbeidet, utarbeider møteprogramforslag og plattform. Men dette må vi gjøre uten samtidig å henfalle til opportunisme. Å kutte ut solidaritet med arbeiderklassen fordi det er "out", er helt absurd. Det skjønner de fleste. Mer uenigheter oppstår når det blir snakk om hvilket grunnlag enheten mellom studenter og arbeidere skal bygges på.

Her hadde det vært fint om kameratene i Trondheim hadde lagt fram sine erfaringer med diskusjoner omkring plattformen til Rød Front.

4. Stille/ikke stille:

Det viktigste i forbindelse med dette spørsmålet er etter min mening å utnytte den særegne politiske bevegelsen som valgkampanjene i Studentersamfunnene er. Dersom vi i tillegg skulle vinne styrevalget, betyr det at vi har såpass tilslutning at det skulle være mulig å drive styrearbeidet med et begrenset antall medlemmer i samarbeid med uavhengige.

5. Veien fram:

Her er jeg enig med mye av det som Kalle skriver på s.24 i 4.mai nr.3. Jeg har imidlertid en liten innvending, idet jeg tror han undervurderer vekselvirkninga og samspillet mellom det å 1) bygge seg opp politisk og organisatorisk og 2) "opptre", vinne enkelte debatter, stille et kandidatstyre osv.

Det siste elementet er ei nødvendig praktisk forutsetning for, og tjener det første elementet. Å bygge seg opp i "det usynlige" er ei linje som forhindrer oss i å knytte an til de nye aktivistene som stadig dukker opp i den politiske kampen.

Adrian.

NB !!!

TIL ALLE NKS-MEDLEMMER I OSLO:

Generalforsamlinga i DNS er lagt til mandag 17.november. For å få stemmerett på generalforsamlinga, må du tegne medlemsskap i DNS seinest 14 dager før, dvs. 3.november. Medlemsskapet koster 40 kroner og kan tegnes i forbindelse med møtene i DNS eller på kontoret i Chateau Neuf i kontortida. Kontoret har telefon 69 54 21.

DS.

Kva er problemet i dag ? **RF ?**

Eg trur ikkje problemet er at folk skyr RF pga. plattformen. (Dei færreste kjenner til ho - og det er eit større problem.) Problemet ligg meir hos oss sjøl, me synest det er vanskeleg å seia at me vil ha eit DNS i folkets teneste, eit betre DNS, når me veit at DKSF er så flinke å arrangera studentkveldar. Dei blir ikkje mindre flinke til det fordi om me vatnar ut det politiske grunnlaget til RF.

Folk flest er hverken DKSF eller RF. Står me på talarstolen med målsetting om å vinna salen - eller gjer me det fordi nokon må "markera" RF ? Eg trur ikkje at folk flest er DKSF'arar, eller at dei står imperialisme og kvinneundertrykking, tvert om. Det er desse folkane me skal vinna, og dei skal me mellom anna vinna frå talarstolen. Det er sant at det trengs fleire enn dei som "står på" RF sitt program for å vinna styreposisjon. Men det går faktisk an å få oppslutnad frå folk som ikkje "står på" RF sitt program og ikkje vil melda seg inn i RF, på same måte som DKSF i dag får støtte av mange som slett ikkje rekner seg som DKSF'arar.

Om folk stemmer RF på ei Generalforsamling treng ikkje det bety at dei vil melde seg inn i RF. Dei siste åra har det vore samanheng, men det er og slik at folk kan stemme RF fordi - dei er mot DKSF

- dei synest møteprogrammet til RF er betre
- dei står nærmare RF enn DKSF
- dei er opptekne av einskildsaker, der RF har ein bra politikk.

RF er ikkje ein renteaksjon !

Nokre av kritikarane av RF si plattform har sagt at me må læra av massebevegelsane. Me må ha ei 80-tals plattform...

For det første: RF er ein front ingen aksjon. Me vil at alle studentar skal slutte seg til Renteaksjonen, eller statsbudsjettaksjonar. Dersom me skal ha ei plattform som alle skal kunne slutte seg til fullt og heilt, vil det seia ei plattform som Sos-Front, Sosialdemokratisk Studentforbund og Unge Venstre er med på. Er det de me vil ?? Eg meiner nei.

Me skal ha eit program som gjer at SF, SSD og UV og vil røyste på oss (dersom dei ikkje stiller sjøl) for den aktuelle generalforsamlinga. Det betyr ikkje å laga RF til ein så brei front at alle udefinerbare progressive melder seg inn.

Endring i forma av parolene.

Eg er mot å endra innhaldet i parolene. Men eg er sand i at dei språkleg godt kan omformulerast, og har eit par forslag, med grunngjeving. Her kjem dei:

1.

Studentersamfunnet i folkets teneste. Denne vil eg beholde. Ho er klar, og eg trur og ganske lett for oss å forklara innhaldet i.

2.

Kamp mot begge supermaktene - for folkenes frigjøringskamp. Kan endrast til: Full støtte til frigjøringsbevegelsene mot USA og Sovjet.

3.

Enhet student-arbeider på klassekampens grunn kan endrast til Solidaritet student arbeider på klassekampens grunn.

4.

For studentenes interessekamp - mot staten og kapitalen endrast til Rett til utdanning - staten sitt ansvar.

5.

Kamp mot all kvinneundertrykking enten beholdast, eller konkretiserast til t.d. Støtt kvinnekampen - nei til salg av kvinneren

6.

Kamp mot all rasisme og

7. For eit sosialistisk Noreg blir vendra.

Eg er sjøl blant dei som ikkje har diskutert RF-plattformar med uavhengige folk. Dersom det er folk som har erfaring med at folk ikkje forstår innhaldet eller at einskilte paroler er for "heavy" så ser eg fram til det med spaning. Då kan me få ein reell diskusjon om det er formen eller innhaldet som skal "tilpassast"-

om RF skal vera front for Ikkje-sosialistar, folk som er mot enhet student-arbeidere eller eit DNS i folket si teneste. Slik det er no, har eg følelsen av at me "trur" at folk ikkje er samde uten å veta det.

Siger på Generalforsamlinga.

Sjølsgagt er det flott når me eingong vinn att DNS. Men sålenge me ikkje gjer det, må me tenka litt på at alt som blir oppfatta som tap av andre, ikkje nødvendigvis er berre tap for oss. Dersom me får fylt målsettinga frå DS om x nye RF-aktivistar og seinare fleire med i NRS er det ei side ved DNS-arbeidet som er usynleg for andre, men som er livsviktig for oss, både på kort og lang sikt. Me vinn ikkje DNS att med eit slag, - men me må sjå "over" styreposisjonen, DNS som forum for ideologisk kamp og RF som ein viktig front eksisterer uavhengig av om me vinn første eller andre eller tredje GF.

Turid



KNUS AMATØRISMEN !

Av Einar Trondheim

Amatørismen er eit av kjenneteikna til den sentrale leiinga i NKS i dag. Dette kjem fram gjennom følgande :

1. Vi har enno ikkje fått trygginginstruksen
2. Vedtektene fikk vi nettopp, dvs omlag 19 månader etter føre Landsmøte (LM) - der blei vedtatt
3. Det skriftlege internmaterialet frå Sentralen er slurvete laga
4. HMC 3/86 er enno ikkje kome (1/10 - skulle ha vore her ved semesterstart...)
5. Haustplanen frå Sentralen er enno ikkje kome
6. Nominasjonskriteria er enno ikkje kome
7. Plan for ordsiftet rundt 2års-meldinga er enno ikkje kome

Amatørismen er eit utslag av ei politisk linje. Alle dei 7 punkta mine er med på å undergrave NKS som organisasjon. Dette er SVÆRT alvorleg, særleg sett i lys av at dårleg organisasjons-arbeid var hovudproblemet for NKS/Trøndelag i vår og at vi har sett oss føre å rette opp problema. Sentralen skal hjelpe oss med det, ikkje slurve unna. Eg skal gå litt nærare inn på dei einskilde punkta.

1. TRYGGINGSINSTRUKSEN

Eg er for ein god tryggingsspolitikk. Derfor er eg for at vi har ein instruks. At vi står utan ein instruks å dele ut til medlemmane - ikkje minst dei nye - er svært alvorleg og er med på å ødelegge arbeidet med å rette opp ein dårleg praksis.

2. VEDTEKTENE

At vi ikkje har fått dei nye før no var først og framst eit angrep på kvinnekampen sia dei viktigaste endringane som blei vedtatt på det 5. LM var punkta om kjønnskvotering og kampen mot kvinneundertrykking (§§ 7 og 12)

3. INTERNMATERIALET

4. mai nr. 3/86, 2års-meldinga og delvis Strategisk Plan og debatheftet om Str. plan er mildt sagt udelikate trykksaker. 4. mai har mange uleselege sider : s. 3, 12, 12, 14, 15, 16, 21, 23 er dei verste. Om målsettinga er at folk skal gidde å lese 4. mai må linja leggst om. Det same gjeld 2års-meldinga - eit så viktig dokument fortjener ei litt meir møysam handsaming frå trykkaren. Sidene er ikkje nummerert - dette skaper unødige vanskar. Desse kapitla er nesten uleselege : 1.4, 1.5, 4.3, 6.2, 7.2, 7.3, 7.4, 7.5, 7.6, 9.1, 3.9, 1.4, 9.1, 5. Sida mellom 2.4.1 og 3 er blank. Skal ho vere det ? Stiftinga av 4. mai og 2års-meldinga er talentlaus.

4.HMG

Dette skulle vere det viktigaste propaganda-organet vårt ved semesterstart. Derfor blei det t.d. ikkje førebudd lokal propaganda ("Til Kamp"). Og så sto vi der tomhendte. Ei linje for bygging av NKS er dette ikkje.

5.HAUSTPLANEN

Dette punktet treng ingen kommentar. Finst Sentralen for andre enn seg sjølve? Kven leier medlemmane? Å skrive i 2årsmeldinga at sentralismen må styrkast er vel og bra, men eg synst vi skal prøve å få Sentralen til å starte i dag og ikkje vente til etter LM. Å ikkje sende ut den politiske planen i god tid før semesterstart er både eit grovt brot på sentralismen og på demokratiet.

6.NOMINASJONS-KRITERIA

Nomineringane skal vere innan 1.november. Nomineringar og kadervurderingar er det samme, så eg ser bort frå at det står at nomineringane skal vere innan 15/10. Å sette to forskjellige fristar på nominering og kadervurdering er ikkje berre latterleg, men politisk feilaktig òg. Vi verken kan eller skal nominere folk utan FØRST å ha vurdert dei. Dette er eit prinsipp som ikkje er til for å bli brote.

Skal vi vurdere og nominere treng vi kriterie. Sjølv sagt kan vi lage oss våre egne i kvart lag, men eg er for at dei samme kriteria blir nytta over heile landet sånn at LM kan velje nytt Sentralstyret på eit mest muleg demokratisk grunnlag. Her vil eg òg legge til at vi like godt kan starte styrkinga av sentralismen og demokratiet allereide I DAG!

7.2-ÅRSMELDINGA

Det er mange blanke sider i det heftet eg har fått. I staden for å sette dei av "til notater" kunne Sentralen her trykt opplegget for diskusjonen og nominasjonskriteria. Vi kan sjølv sagt legge opp diskusjonen sjølv, men det var no dette med sentralismen da. Eg synst faktisk at det er ein føremøn om alle NKS-lag i heile landet diskuterer det samme. Berre da kan handsaminga på LM bli forsvarleg - dvs demokratisk. At Sentralstyret ikkje har fått handsama meldinga på skikkeleg vis (jfr. "følgeskrivet" er ein SKANDALE. Når LM vel Sentralstyret har LM vedtatt kven som skal vere med å forme ut Meldinga til neste LM. Å undergrave høvet for ALLE Sentralstyret sine medlemmar til å vedta ei best muleg Melding er å undergrave heile den demokratiske sentralismen. Nok ein gong vil eg påpeike at Sentralen burde ha starta styrkinga av sentralismen og demokratiet allereide no.

KONKLUSJON


Sentralstyret burde følge sitt eige forslag om å styrke sentralismen og starte i dag. Eg tenker sånn at om ein person seier han er for å styrke sentralismen, men sam-

stundes ikkje følger dette opp i praksis så er vedkommande ein "talekåt evenukk". Sånne folk gjer meg forbanna. Det er umuleg å ta ein seriøs debatt med sånne folk. Dei spyttar deg opp etter ryggen i eit ordskifte, men saboterer all praktisk gjennomføring av linja. Om folk er mot sentralismen, får dei heller seie det rett ut. Dei 7 punkta mine representerer ei linje som verkar oppløysande på NKS. Vi må nytte alle middel for å nedkjempe denne amatørismen (ordet er veldig snilt - og har masse andre ord som er sterkare på lager)

FORSLAG

Sentralstyrets AU svarer på dette innlegget i 4. mai nr. 4/86. Kvart av dei 7 punkta pluss konklusjonen krev sitt svar. AU bør gjere dette punktvis og følge mi nummerering. Særleg bør AU svare på den manglande sentralismen i praksis verdert opp mot at de er for sentralismen i ord.

Dette innlegget er svært krasst. Eg er forbanna og synst ikkje eg treng å ta på Sentralen med silkehanskar.



ARTIKKELFORFATTAREN
RETTAR EIT KNUSANDE
SLAG MOT EIN
AMATØRIST FRÅ SENTRALEN -

Svar til Einar, Trondheim

Sentralstyret legg opp til breie diskusjonar om tryggingspolitikken til våren med sikte på innføring av nye tryggingsinstruks. Me har meint at om ein slik instruks ikkje berre skulle vera eit slag i lufta krevs det at medlemmane studerer og diskuterer grundig dei farene me skal verge oss mot og dei praktiske følgene tryggingsinstruksen vil ha for det daglege arbeidet NKS. I haust er det ikkje rom for desse diskusjonane. Derfor til våren. Punkt 2: Her kan me berre ta krigen til etterretning. Trondheim har lenge bestilt vedtekter, reinspikka rot er årsaken til at dei ikkje har fått dei. (Det er likevel ukjent for oss at dei ikkje har fått vedtekter i det heile siden landsmøtet.) Når det gjeld resten av punktene er det 3 forhold som spell inn: -2-årsmeldinga skulle vore ferdig til sommarleiren. Ho var ikkje det, og det er eine og alein mitt personlege ansvar, eg greidde ikkje å disponera tida, feilrekna kva det trengst for å skriva ei slik melding. - HMG var stort sett klar til trykking før sommarleiren, så blei mesteparten av manus stjålet fra en låst bil. - AU har for liten kapasitet. Når me så i tillegg til strategisk plan, debattheft og 4. m. skulle produsera 2-årsmeldinga blei dette for mykje å produsera på ein gong. At trykkekvaliteten er dårleg har og samanheng med dette sjølom nok mykje kunne gjerast her.

Me er samd med deg at utsetjingane undergraver ein skap i organisasjonen. Me har derfor tatt ein del tiltak for å styrka grepet om gjennomføring av planene i tida framover.

Kameratsleg hilsen sentralstyrets arbeidsutvalg v/Bønne

Kommentar fra AU: M.o.t. at Trondheim ikkje fekk naustplanen skuldast det at Trøndelagsrepr. i sentralstyret som skulle ta han med seg gleymde det - uten at nokon i AU var klar over det. Det er elles delte meiningar i AU om det er ein samanheng i feila Einar kritiser og kva den underliggende årsaken i såfall er. DET vil bli ein viktig del av debatten rundt Toårsmeldinga, der me må gå nærmare inn på tinga Einar tek opp.

Om behandlinga av To-årsmeldinga:

Meldinga er sentralstyret si melding. Det betyr at landsmøtet bare gjør vedtak om melding, og de tinga som står der, men endrer ikke på det som står i meldinga. Det betyr at det ikke er noen vits for laga å vedta endringsforslag til beretninga, men lage vedtak som sier noe OM det som står i meldinga.

Vi oppfordrer lag og medlemmer til å sende inn vedtaksforslag som landsmøtet kan ta opp.

NB NB NB NB NB NB NB NB NB:

FRIST FOR VEDTAK ER UTVIDA TIL 1. DESEMBER 1986

NB NB NB NB NB NB NB NB NB:

Vi oppfordrer de som allerede har gjort vedtak å sende dem inn med en gang, slik at de kan komme inn i 4. mai. (Frist 10.11)

Mange lag er i full gang med behandlinga av meldinga.

Her kommer spørsmål til diskusjon for den videre debatt av meldinga:


All vil at alle skal diskutere det første spørsmålet, men resten kan diskuteres valgfritt.

- Kva er viktigaste oppgåvene til NKS, og kva er viktigaste hinderet i å løyse dei?
 - Studer det som står i meldinga om erfaringane frå IK-arbeidet. Er laget samd i oppsummeringa? Er det rett å ha IK som ekstern hovudoppgåve over lengre tid? Kva justeringar bør evt. gjerast?
 - I To-årsmeldinga blir det streka opp problem i det organisatoriske arbeidet når det gjeld sentralismen og demokratiet. Kor bør me gripa fatt for i større grad å samla organisasjonen om oppgåvene våre?
 - I To-årsmeldinga er det sagt ein del om svakheter i kvinnepolitikk i NKS og om den store positive betydninga av den kvinnearbeid som har vore drive. Har nedprioriteringa av kvinnearbeidet vore rett? Kva plass bør kvinnepolitikken ha?
 - Kva er våre særskilde oppgåver som kommunistisk intellektuelle?
- Jobbar NKS i samsvar med dette idag? Ta utgangspunkt i innlegg i 4. mai.

DEMOKRATISK SENTRALISME



Demokrati uten sentralisme.



Sentralisme uten demokrati.



Demokratisk sentralisme.

